

**Fra:** Anne Aune  
**Sendt:** 10. mars 2017 13:02  
**Til:** 'Lars Rogstad'  
**Emne:** Omdisponering av midlar til prosjektet Digital formidling på Vestlandet

Til

Lars Rogstad, Kulturrådet,

Hordaland fylkeskommune søkte Kulturrådet om midlar til prosjektet Digital formidling på Vestlandet, og fekk løyvd kr. 250 000 i 2013.

Bakgrunn for at Hordaland fylkeskommune søkte midlar var at i 2011-2012 tok fylkeskommunen initiativ til å bruke nasjonale digitale fellesløyser i eit lokalt tilpassa prosjekt langs Rallarvegen, og utvikla Rallarvegappen. Prosjektet vart gjennomført i nært samråd med det nasjonale prosjektet Kultur og naturreise og Kulturrådet, og var finansiert med ei løyving i budsjettet for 2011. Prosjektet har vekt oppsikt og fekk status som førebilde, og var eit av dei beste nasjonale døma på korleis lett tilgjengeleg og rimeleg teknologi kopla med verdifull kunnskap kan gje nye og interessante opplevingar i landskapet. Erfaringane frå Rallarvegprosjektet har synleggjort kva potensiale som ligg i bruken av denne typen teknologi, og Hordland tok difor initiativ til ein søknad til Kulturrådet om digital formidling på Vestland i samarbeid med fylkeskommunane i Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal, jmf ref.: 12/210-8.

Kulturrådet gav ei løyving på kr. 250 0000. Den nasjonale digitale infrastrukturen som dette prosjektet skulle utviklast på grunnlag av viste seg å vere ei satsing som Kulturrådet avvikla før prosjektet kom i gang. Desse midlane vart difor sett på fond for å utreie anna mogleg digital infrastruktur.

Hausten 2016 lanserte Universitetet i Bergen kunnskapsbasen Grind, <http://grind.no/>. Dette er ein portal for formidling av kunnskap om landskap og livsmiljø, henta frå forskarar ved Universitetet i Bergen og frå fagmiljø som Bjerknessenteret, Havforskningsinstituttet, forvaltningsmiljøa og musea på Vestlandet. Utgangspunktet for Grind er dei to før nemnte bøkene; Kulturhistorisk vegbok og Naturhistorisk vegbok for Hordaland. Redaksjonen i Grind tok tidleg i 2017 kontakt med Hordaland fylkeskommune for å høyre om fylkeskommunen vil vere med å utvikle Grind som plattform for formidling av kultur- og naturhistorie, klima, arkeologi og historie. Fylkeskommunen vil då vere del av det faglige nettverket til Grind, bidra med stoffleveranse og delta i styringskomiteen for Grind. Grind ønskjer også å etablere eit fagnettverk spesielt knytt opp mot natur/real-fag og historie/samfunnsfag for videregående skole i Hordaland, og fylkeskommunen formidla kontakt opp mot den digitale læringsportal NDLA (Digitale læremidler for videregående opplæring).

Fylkestinga i Hordaland og Sogn og Fjordane har gått inn for ein samanslåing av dei to fylkeskommunane til ein ny region. Hordaland fylkeskommune ser portalen Grind som ein framtidretta digital satsing som ein ønskjer å støtte opp under økonomisk og fagleg. Grind er godt fagleg forankra på Universitetet i Bergen og fylkeskommunen ser at den digitale infrastrukturen som Grind bygger på som framtidretta og vil vere ein ressurs for andre digitale satsingar i Hordaland og seinare på resten av Vestlandet.

Hordaland fylkeskommune søker difor Kulturrådet om å få omdisponere løyving på kr. 250 0000 til eit framtid digitalt samarbeid med Universitetet i Bergen sin kunnskapsbasen Grind.

Mvh

**Anne Aune**  
fylkesarkivar  
**Hordaland fylkesarkiv | Kultur- og idrettsavdelinga**

Tlf: 55 23 99 50, mobil 481 76 858

Epost: [anne.aune@hfk.no](mailto:anne.aune@hfk.no)

**HORDALAND FYLKESKOMMUNE**

Agnes Mowinckels gt 5 | Postboks 7900 | 5020 Bergen

[www.hordaland.no](http://www.hordaland.no)